



Dønhaug Gardsbarnehage vart formelt opna med ein fin fest. Her er nokre av festdeltakarane.

**Fylkesmannen har vedteke at den nye, private Dønhaug Gardsbarnehage skal få 330.856 kroner i driftstilskot for perioden oktober-desember. Dette er i samsvar med søknaden.**

Intensjonen med dette tilskotet er å støtte drifta og skape grunnlag for nyetablering av barnehageplassar. Alle som driv barnehagar godkjende etter barnehagelova har rett til statleg driftstilskot.

I tillegg til driftstilskotet får kommunen eit tilskot til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne i barnehage og tilskot til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealder. Tilskota blir disponert av kommunen, med den føresetnaden at midlane blir gjeve til dei barnehagane i kommunen som har størst behov.